

Reglement for helse- og omsorgsutvalet i Vestnes

Vedteke i Vestnes kommunestyre den 10.mai 2012.

Samansetting:

Utvalet er oppretta i medhald av kommunelova §10 og skal ha 6 valde representantar med vararepresentantar, éin frå kvart parti.

Kommunestyret sjølv veljer medlemmar og varamedlemmar til utvalet, fortrinnsvis blant medlemmane i kommunestyret, og veljer leiar og nestleiar blant medlemmane.

Helse- og omsorgsutvalet har følgjande ansvarsområde:

1. Sosialtenester (NAV)
2. Rus og edruskapsvern
3. Tenester for barn og unge (helsestasjon, PPT, sosiale tenester, barnevern)
4. Kommunehelsetenester
5. Miljøretta helsevern
6. Førebyggande arbeid og folkehelse
7. Frivilligsentral
8. Pleie, omsorg og rehabilitering
9. Habiliteringstenester (m.a. tenester for menneske med utviklingshemming)
10. Asyl- og innvandringsaker

I all hovudsak er det som er knytta til dagleg drift innan desse fagområda delegert til administrasjonssjefen. Administrasjonssjefen har vidaredelegert ansvar og mynde til driftsleiarane. Saker av prinsipiell karakter og saker som kan skape presedens vert fremma politisk, anten til dette utvalet, til formannskap eller til kommunestyret.

Saksområde – saker til behandling (lista er ikkje uttømmande)

- Alkoholøyve – sals- og skjenkeløyve
- Kontrollutval for sal og skjenking

- Utviklings- og fagplanar innan sine fagområde.
- Høyringsorgan i aktuelle lov- og plansaker.

- Gjennomgå og behandle tilsynsrapportar innan fagområda.

- Gjennomgå og behandle brukerundersøkjingar

Økonomisaker:

Etter reglementet for formannskapet skal det: *gi tilråding til kommunestyret når det gjeld forslag til økonomiplan, årsbudsjett, budsjettendring og skattevedtak.*

Helse- og omsorgsutvalet behandlar ikkje økonomisaker innan sine fagområde utan at formannskap og/eller kommunestyre ber om det.

Saksordførar for saker til kommunestyret:

I større saker innan utvalet sine saksområde som går vidare til kommunestyret, eller der utvalet finn det føremålstenleg, skal utvalet oppnemne ein saksordførar som presenterer

saka for kommunestyret. Saksordfører skal gjøre greie for dei hovedargumenta som kom fram under utvalet si behandling av saka. Saksordfører skal vere ein ressurs i saka for kommunestyret under behandlinga der. Utvalsleiar skal syte for at saksordføraroppgåva går på rundgang.

REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV MØTE I HELSE- OG OMSORGSUTVALET.

DAGSORDEN OG FORRETNINGSORDEN

(Dei same reglane gjeld for planutval og formannskap)

- Helse- og omsorgsutvalet held møte etter oppsett halvårsplan, når utvalet sjølv ønskjer det, når utvalsleiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det.
- Utvalsleiaren set opp saklista og kallar utvalet saman til møte.
- Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet, opplisting av dei saker som skal behandlast (sakliste) og opplysning om kvar saksdokumenta er tilgjengelege.
- Innkallinga skal saman med saklista og saksdokument sendast til medlemmar og varamedlemmar av utvalet med 7 dagars varsel.

- **For forretningsorden elles gjeld kommunestyret sitt reglement pkt 2 - t.o.m. 8 og pkt 13 – 16.**
- **Nemninga ”ordfører” skal då byttast ut med ”utvalsleiar” eller ”møteleiar**